

20 20

ÅRSMELDING



SOGN OG FJORDANE
BONDE- OG SMÅBRUKARLAG



LOKALMAT

**God mat er gull
som gåve**

Sjå vårt varierte utval

coop
NORDVEST

www.smaksglede.no

Innhald



SIDE 4	LEIAREN HAR ORDET
SIDE 6-9	STYRET OG TILLITSVALDE
SIDE 10-11	FYLKESSTYRET SITT ARBEID
SIDE 16-17	NÆRINGSBIRØKT ER OGSÅ LANDBRUK!
SIDE 20	VÅR HISTORIE
SIDE 22	NBS GENERALSEKRETÆR GÅR AV
SIDE 24-27	PORTRETTET SANDER SOLHEIM
SIDE 28-31	NYINNMELD: MØT NORA OG SILJE

Leiaren har ordet



Leiar Marco
Neven

SOM FERSK STYRELEIAR må eg seie at 2020 har vore eit krevjande, men og lærerikt år. Gjennom vervet har eg lært mykje og fått stadfesta NBS si viktige rolle i landbrukspolitikken.

EG HAR OG vorte enda meir stolt av oss medlemmar i NBS. Me som ikkje har blind tru på at «BL-tankegangen» og at «Big is Beautiful» er løysinga for alle utfordringar me står ovanfor i landbruket. For oss er det viktig at me kan nytte oss av vårt til dels desentraliserte jordbruksareal, for på den måten å kunne halde oppe ein berekraftig matproduksjon, med mangfald som i størst mogleg grad bør vere basert på norske ressursar.

EIN TRENG IKKJE å ha mykje innsikt i historie for å forstå at matproduksjon er primærgrunnen til at det bur folk over heile landet.

I EI VERD kor me ser at store deler av verdas matproduksjonen er tufta på rovdrift av både jordsmonn, vassressursar og miljø, burde eit rikt og oppegående land som Norge i enda større grad kunne støtte opp om sitt eige landbruk som vi garantert kjem til å ha bruk for også i framtida.

NBS JOBBAR utretteleg med å prøve å sikre matjorda og dei enkelte bondefamiliar si moglegheit til å kunne halde fram med å yte sitt bidrag til vår nasjonale matproduksjon. Om vi lukkast med det vil og nye generasjonar sjå det som attraktivt å vidareføre drifta på alle våre unike gardsbruk. Tilgang til berekraftig produsert mat av god kvalitet er trass alt eit av dei viktigaste momenta for å sikre framtida.

I 2020 HAR covid-19 vore ei utfordring for korleis me har kunna fungert som organisasjon. Det er leit at me ikkje har møtt kvarandre i same grad som styret hadde planar om. Men i hovudsak via web-møte har styret i Sogn og Fjordane BS likevel hatt sine styremøte og delteke aktivt på fleire titals andre møte som har direkte og indirekte betydning for våre medlemmar.

STYRET SER FRAM til at korona-situasjonen snart vil tillate oss å møte kvarandre på meir vanleg måte att. For det er ikkje tvil om at det er fysisk samvær som er best eigna for å opparbeide sosiale og næringspolitiske relasjonar.

STYRET ER OPPTEKNE av å auke kontakten med lokallaga og enkeltmedlemmar og vidareutvikle vår organisasjon. Så om det er noko du er oppteken av oppmodar me å fremje det gjennom ditt lokallag eller ved å ta direkte kontakt med oss i fylkesstyret.

SOM STYRELEIAR VIL eg takke styret, lokallaga og alle medlemmar – og sjølv sagt vår fylkessekretær Marit Milde, for at me trass i koronasituasjonen likevel har kome oss brukbart gjennom 2020.

MARCO NEVEN

Fylkesleiar Sogn og Fjordane
Bonde- og Småbrukarlag.



Den nye Caddy Cargo. Klar for det meste.

Det er kanskje vår minste varebil, men du skal leite lenge etter ein med større oppdateringar. Den nye Caddy Cargo er no på vegen i en ny drakt – utvendig og innvendig. Med eit digitalisert og oppgradert førarmiljø og heilt nye sikkerheits- og førarassistenssystem får du ein bil med køyreegenskapar som gjer at du gler deg til jobb kvar dag. Og som alle andre modellar tilbyr vi den sjølv sagt med 4MOTION firehjulstrekk. Velkommen til prøvekjøring. Volkswagen Nyttkøretøy. Norges mest populære arbeidsplass på fire hjul.

Caddy Cargo fra kr 233.535 eks.mva. Prisen er inkl. frakt og levering Oslo. Frakt til forhandler utanfor Oslo kjem i tillegg. Drivstofforbruk blanda kjøring 4,9 l /100 km, CO₂-utslepp 128 g/km etter WLTP-standard. Avbildad modell kan ha ekstrautstyr utover standard.

www.volkswagen-nyttkjoretoy.no



Nyttkøretøy

BERGE & CO

★ SIDAN 1954 ★

www.berge.no

Førde - 24 03 18 00
Sogndal - 57 67 57 00
Stryn - 57 87 26 00
Flora - 57 74 22 40
Måløy - 57 84 80 08
Ørsta - 24 03 42 50

Styret og tillitsvalde i 2020

FYLKESSTYRET

LEIAR: Marco Neven

Lærdalsvegen 1242, 6887 Lærdal
Mobil: 901 08 484 E-post: sognebia@frisurf.no

NESTEIAR: Brit Inger Skaar

Skorsvegen 563, 6953 Leirvik i Sogn
Mobil: 941 94 307 E-post: bi-skaar@online.no

STYREMEDLEM: Håvard Larsen

Grimelandshaug, 6811 Førde
Mobil: 482 38 950 E-post: larsen@angedalen.no

STYREMEDLEM: Anne Kristin Moe

Rinden 30, 6823 Sandane
Mobil: 951 41 894

E-post: akristinmoe@gmail.com

STYREMEDLEM: Sander Solheim

Nautsundvegen 82, 6968 Flekke
Mobil: 906 95 124

E-post: sandsol99@gmail.com

1. VARA: Johnny Følling

Slettemark, 6817 Naustdal
Mobil: 909 28 279 E-post: bm-slett@online.no

2. VARA: Rune Nydal

Nydalsvegen 494, 6819 Førde
Mobil: 959 66 931 E-post: runnydal@online.no

3. VARA: Marianne Holme

5745 Aurland
Mobil: 905 12 978 E-post: marianneholme@hotmail.com

VALNEMND 2020:

LEIAR: Eli Berge Ness, Gaular BS

Jarle Martin Håland, Høyanger BS
Margaret Skåre, Stryn BS

LOKALLAG

EID BS: Rune Bruvoll,

Nordfjordvegen 6709, 6777 Stårheim,
rubruvo@gmail.com / 962 35 970

SUNNFJORD BS: Karen Hornnes, Hornnes-

vegen 113, 6809 Førde
karen.hornnes@enivest.net / 481 67 076

GLOPPEN BS: Eva Vigerust,

Breimsvegen 1258, 6827 Breim,
gloppensmabruker@gmail.com / 410 82 533

HYLLESTAD BS: Brit Inger Skaar,

Skorsvegen 563, 6953 Leirvik i Sogn,
Bi-skaar@online.no / 941 94 307

HØYANGER BS: Jarle Martin Håland,

lkjefjord 261, 5962 Bjordal,
Jarle.haland@enivest.net / 478 59 475

LUSTER BS: Olav Harald Alme,

Lomheim 4, 6869 Hafslø,
olavharald.alme@gmail.com / 915 32 775

SELJE/VÅGSØY BS: Bjørn Helgesen,

Seljevegen 3095, 6740 Selje,
helgesenbjorn@gmail.com / 480 44 844

SOGDAL OG LEIKANGER BS:

Olav Nesse, Gorvinsvegen 8, 6856 Sogndal,
olane@online.no / 977 72 828

STRYN BS: Ingolf Folven, Strynevegen 2837,

6798 Hjelledalen, if-juen@hotmail.com /
481 31 838

AURLAND BS: Marco Neven,

Lærdalsvegen 1242, 6887 Lærdal
sognebia@frisurf.no / 901 08 484

HORNINDAL BS: Per Øen,

Kjøsapollen 163, 6763 Hornindal
per.oen@morenett.no / 900 54 238

BREMANGER, FLORA OG VIK BS:

Kontakt fylkeslaget ved fylkessekretær
sognogfjordane@smabrukarlaget.no /
900 83 839

sparebanken
sogn og fjordane

"Som kundefrådgjevar er det viktig å tilpasse finansiering til den enkelte kunde sine økonomiske føresetnader og planar. Eg har følgd landbruksbransjen lenge både privat og i jobbsamheng, og kjenner denne næringa godt."

Ragnhild Helgheim,
kundefrådgjevar og
bransjansvarleg landbruk

Vurderer du å lease i staden for å kjøpe?

Vi tilbyr leasingfinansiering av maskiner, utstyr og køyretøy til landbruk.

Usikker på korleis leasing fungerer?
Ragnhild er klar til å hjelpe deg. Ta kontakt på tlf. 481 67 103, eller e-post: ranghild.helgheim@ssf.no

Prøv leasingkalkulatoren vår og søk leasing på ssf.no/leasing



Marco Neven

Buset: Ljøsne i Lærdal
Aurland BS.

Produksjon: Birøkt (honning & pollinering) og Tindvedbær.

Oppvekst: Fødd og oppvaksen i Nederland. Flytta i 1978 til Noreg. Har alltid hatt tette band til landbruket.

Utdanning: Jordbruk, skogbruk, økonomi, marknadføring og pedagogikk.

Verv: Leiar i Aurland BS og i Sogn og Fjordane BS. Har elles brei erfaring frå andre nærings- og næringspolitiske verv.

Arbeid: I tillegg til drifta heime jobbar eg som lærar ved Sogn Jord- og Hagebruksskule i Aurland

Kvifor NBS? NBS har eit stort mangfald i medlemsmassen som har fokus på berekraft og levande bygdesamfunn. Som organisasjon har NBS eit stort og spanande utviklingspotensiale.



Brit Inger Skaar

Buset: Småbruk på Skor i Hyllestad
Hyllestad BS: Lokalgagsleiar Nestleiar i SFBS

Familie: Ein vaksen son
Produksjon: Egg og kjøt

Oppvekst: Oppvaksen i Hordaland. Flytta til Skor med sine foreldre som overtok familiegarden i 1974.

Utdanning: Bachelor øk/adm

Arbeid: Postbod og tidlegare NAV-tilsett. Eige småbruk.

Med i NBS sidan 2011. Aktiv sidan 2014. Fylkesleiar sidan 2017-2020.

Kvifor: Ynskjer levande bygder og eit landbruk over heile landet. Maten vår er den viktigaste næringa vi kan halde på med.



Anne Kristin Moe

Buset: Sandane
Gloppen BS:

Oppvekst: Født og oppvaksen i Ålesund, med hyppige besøk på slektsgarden i Gloppen.

Utdanning: øko-agronom og kulturhistorikar

Verv: styremedlem i Gloppen BS, Fortidsminneforening Sogn og Fjordane, Forening for kulturforskning og Seksjon for immateriell kulturarv i Norges Museumsforbund.

Produksjon: Overtok garden etter onkelen i 2016. Marknadshage potet og grønnsaker; gras.

Arbeid: Leiar for Nordfjord Folkemuseum

Kvifor NBS: Eg brenn for at det fortsatt skal vere produksjon på dei små bruka.



Sander Solheim

Buset: Rennestraum i Fjaler
Hyllestad BS

Oppvekst: Oppvaksen med sau, ammekyr og hest i Eikefjorden. Overtok drifta der som 18-åring og starta med mjølk i leigd fjøs, leigd kvote og leigd areal. Kjøpte garden Rennestraum i Fjaler sommaren 2020 og flytta dit. Har brukt tida sidan på å få jorda i hevd og renovert og klargjort driftsbygning for mjølkeproduksjon.

Produksjon: mjølkekyr, sau, fjordhest og skogbruk.
Utdanning: Agronom

Verv: Styremedlem SFBS, Sentralstyremedlem NBS, Fylkesleiar Sogn og Fjordane Senterungdom, fylkesstyremedlem Sogn og Fjordane Senterparti.

Interesser: For meg er rekruttering til landbruksnæringa viktig. Vi treng fleire unge bønder, og ein må legge til rette for at dei som sit med ein draum om å drive ein gard får moglegheit til å prøve seg.



Håvard Larsen

Buset: Angedalen i Førde
Sunnfjord BS

Ungkar, fødd og oppvaksen på bruket eg driv idag.

Produksjon: Gamalnorsk spelsau, økologisk eggproduksjon og kaninar.

Utdanning: Fagbrev som mekanikar. Sjølvstendig næringsdrivande og småbrukar.

Verv: styremedlem i SFBS, styremedlem i Angedalen Grendalag, vara i Førde Røde kors.

Eg vart med i Bonde og Småbrukarlaget fordi dei torer å snakke om dei utfordringane landbruket har, sjølv om det ikkje alltid er like populært.



Fylkessekretær

Marit Milde

Buset: Angedalen i Førde
Sunnfjord BS

Tok over småbruket etter onkelen min i 2011. Vi har restaurert alle dei gamle bygningane på garden, og skal flytte dit i 2021 - endeleg!

Produksjon: Gamalnorsk spelsau og birøkt (honning & pollinering).

Arbeid: Tilsett i 25 prosent stilling som fylkessekretær i SFBS sidan 2015

Inntekt: 60% stilling som Karriererettleiar i Din Utvikling.

Eg vart med i Bonde og Småbrukarlaget fordi eg skulle ta over garden., og utan å vite så mykje om landbrukspolitikk. Har etterkvart innsett kor viktig NBS er for sjølvberging, busetnad, og arbeid i distrikta, artsmangfald, kulturlandskap og alt i hop.

Årsmelding 2020

Fylkesstyret sitt arbeid

STYRET 2020

Marco Neven – Leiar
Brit Inger Skaar – Nestleiar
Håvard Larsen – Styremedlem
Anne Kristin Moe – Styremedlem
Sander Solheim – Styremedlem
Johnny Følling – 1. vara
Rune Nydal – 2. vara
Marianne Holme – 3. vara
Marit Milde – Fylkessekretær

For oss i styret er det godt å vite at fylkessekretær Marit Milde held styr på fristar, møteinnkallingar, økonomien i laget og at ho har god oversikt over organisasjonen og medlemmane.

Alle oss i styret driv med ulike landbruksproduksjonar. Det er viktig å ha fleire «ekspertar» for til saman å kunne danne eit team som kan representere landbruket på den landbrukspolitiske arena. Når det oppstår trong for det er det og viktig at styret kan kontakte – eller bli kontakta av, medlemmar som driv med produksjonar som styret ikkje har god nok innsikt i.

UTVIKLING I LOKALLAGA OG MEDLEMSTAL:

Januar 2020 hadde me sytten lokallag og pr. i dag har me fjorten lokallag – elleve av desse er aktive. Nedgangen frå sytten til fjorten lokallag skuldast at lokallaga Førde, Gaular, Jølster og Naustdal i løpet av 2020 har slege seg saman til eitt lag; Sunnfjord lokallag.

Pr. januar 2020 hadde me 360 medlemmar og ved årets slutt 357 medlemmar.

Nedgang i tal medlemmar og mangel på

rekruttering av nok nye medlemmar er svært alvorleg for ein organisasjon som er avhengig av medlemstalet for å oppnå næringspolitisk gjennomslagskraft og for å finansiere drifta av organisasjonen. Fylkesstyret er interessert i innspel om korleis me kan snu denne utviklinga.

FYLKESÅRSMØTET 2020

Koronasituasjonen hindra oss brått og brutalt i å gjennomføre fjorårets felles fylkesårsmøte-arrangement ilag med Hordaland BS på Sølvane Gard i Gloppen. Det enda opp med at me gjennomførte vårt fylkesårsmøte i form av eit telefonmøte. Teknologien for telefonmøte viste seg ikkje å vere uproblematisk, men årsmøtet vart gjennomført.

JORDBRUKSFORHANDLINGAR 2020

Det er ikkje lett å oppsummere korleis resultatet vart i høve det kvar av oss hadde ønska seg. Det me kan vere trygge på er at våre forhandlarar ikkje har spart på krutet for å oppnå resultat i tråd med NBS sine målsetjingar for forhandlingane. Det er mange aktørar i eit svært stort apparat kor det er vanskeleg å sjå alle moment i kampens hete.

For å hjelpe vår eigen organisasjon med framtidige forhandlingar er det beste rådet å delta i studieringarbeidet (studieheftet om jordbruksforhandlingar) som medlemmane kvart år vert oppmoda om å ta del i. Det er sjølv sagt og høve til på annan måte å formidle viktige forhandlingsinnspel til sentralledet. Av praktiske grunner er fristen for innspel til jordbruksforhandlingane sett til 1. mars.

AKTIVITETAR I 2020

I løpet av 2020 har styret i Sogn og Fjordane Bonde- og Småbrukarlag hatt åtte styremøte og elles delteke på i alt nær tretti samlingar/møte med andre, som t.d. NBS sentralt, Hordaland BS, Landbrukspartnarskapen Vestland, Fylkeskommunen, Statsforvaltaren (tidlegare Fylkesmannen), NIBIO, diverse politiske møte m.fl. Elles har fylkesstyret også hatt ein del kontakt med medlemmar og andre.

I 2020 hadde styret konkrete planar for å møte elevlar ved jordbruksskulen på Mo og i Aurland. Til no har korona hindra oss i å gjennomføre desse besøk. Men me håpar snart å kunne gjennomføre desse skulebesøk for å orientere elevane om NBS sitt ståstad og rolle i høve landbrukspolitikken.

Styret har og vore engasjerte i ulvesaka om «Lucky» som i ei årrekke har skapt uro i Ytre Sogn og Sunnfjord. No har situasjonen kome under kontroll igjen, men me jobbar vidare for å unngå at nye utfordringar av same karakter vil oppstå.

Etter initiativ frå Hordaland BS har Sogn Jord- og Hagebruksskule teke på seg eigarskapet i eit forprosjekt til eit nettverksbasert prosjekt om regenerativt jordbruk. Sogn og Fjordane BS er og med i styringsgruppa her.

For å kunne opptre som eit fellesskap i vårt nye Vestland fylke har Sogn og Fjordane BS og Hordaland BS funne fram til ei praktisk og god samarbeidsform som me håpar vil auke vår samla gjennomslagskraft i landbrukspolitikken.

LANDSMØTET 2020

Landsmøtet vart gjennomført i form av eit web-møte (teams). Sogn og Fjordane var godt representert. Vårt styremedlem Sander Solheim vart då vald inn i sentralstyret i NBS. Vår nestleiar Brit Inger Skaar vart vald inn som varamedlem for Vestlandet i valnemnda og Nora Mathilde R. Fjeldkåsa vart vald inn i Ungdomsutvalet.

Elles vart eit framlegg – som vart støtta av Aurland BS, om at næringsbirøkt bør inn i NBS si politiske plattform, samrøystes vedteke av landmøtet.

OPPFORDRING TIL LOKALLAGA

Styret ser det som svært viktig å jobbe for at kontakten mellom medlemmar, lokallag og fylkeslag blir meir straumlinjeforma. I løpet av 2020 har alle aktive lokallag fått sin lokallagsfadder i fylkesstyret. Desse vil med jamne mellomrom kontakte deira lokallag – og vil og gjerne bli kontakta, om det er noko lokallaget vil ta opp med fylkesstyret.

Når koronasituasjonen tillèt meir normal møteverksemd vil fylkesstyret og egge opp til fleire andre måtar å styrke kommunikasjonen i organisasjonen. Å jobbe med organisasjonsarbeid skal vere moro og effektivt. Aktivitet i organisasjonen skapar trivsel og gjennomslagskraft, som me og håpar vil auke rekrutteringa av nye medlemmar.

I ein medlemsorganisasjon som NBS kan me ikkje verte betre enn det medlemmane bidreg til.

Resultat

	31.12.2020	31.12.2019	Note
DRIFTSINNTEKTER			Budsjett 2021
Salgsinntekter, avgiftsfrie	43 300	32 650	30 000
Kontingent	92 321	86 818	92 000
Støtte smaken av SF	0	4 498	0
Støtte studieforbundet	0	0	0
Støtte frå Gjensidige	16 273	16 095	15 000
Sum driftsinntekter	151 894	140 061	137 000
DRIFTSKOSTNADER			
Lønn til ansatte	77 784	76 626	82 000
Påløpt, ikke utbetalt lønn	6 654	-6 654	0
Godtgjørelse til styre- og bedr.forsaml	10 000	10 000	10 000
Lønninger, ferielønn og honorarer	94 438	79 972	92 000
Arbeidsgiveravgift	8 226	7 820	8 500
Arb.giveravgift, pensjonskostn etc.	8 226	7 820	8 500
Lønstilskot frå NBS	-35 000	-30 000	-35 000
Refusjon forsikringsmøte	0	-20 000	0
Refusjon av arbeidsgiveravgift	-1 400	0	0
Andre personalkostnader	-36 400	-50 000	-35 000
Avskrivninger på maskiner	0	3 495	0
Ordinære avskrivninger	0	3495	0
Leie lokaler	26 553	17 057	20 000
Kontorrekvisita	0	1 934	2 000
Data/EDB- kostnad	6 357	5 048	5 000
Trykksak	11 038	10 825	13 000
Møte, kurs, oppdatering o.l.	1 405	12 980	6 000
Årsmøte	0	9 805	10 000
Porto	4 163	2 597	5 000
Reisekostnad, ikke oppgavepliktig	3 562	2 792	4 000
Reklamekostnad	0	4 763	2 000
Kontingenter ikke fradragsberettiget	0	2 500	2 500
Forsikringspremie	1 851	904	1 850
Bank- og kortgebyrer	85	126	150
Annen kostnad	0	0	0
Andre innkjøps-,tilvirkn. kostn. etc	55 014	71 332	71 500
Sum driftskostnader	121 278	112 619	137 000
Driftsresultat	30 617	27 443	0
Renteinntekt, skattefri	38	113	120
Finansinntekter	38	113	120
Avdelingsresultat	30 617	27 556	120

Balanse

	31.12.2020	31.12.2019
EIENDELER		
Kundefordringer	2 700	0
Mellomkonto	4 042	5 532
Bank Hovud 3837.05.10684	210 107	189 304
Bankinnskudd for skattetrekk	5 836	132
Sum eiendeler	222 685	194 968
GJELD OG EGENKAPITAL		
Annen egenkapital	-176 896	-152 690
Forskuddstrekk	-4 243	-4 681
Annen kortsiktig gjeld	-10 891	-10 891
Sum gjeld og egenkapital	-192 030	-168 262
Diff. eiendeler/gjeld og EK	30 655	26 706

1) Mellomkonto: Privat kredittkort - brukt til å betale fly og opphald når fylkessekretær er på møter o.l. i Oslo. Forfall betalt fra Småbrukarlagskontoen, men den inneheldt også ei privat reise. Ikkje gjort opp i 2020. Heng saman med note 2

2) Kortsiktig gjeld: Utleigg og husleige som fylkessekretær skal ha. Ikkje gjort opp i 2020.

**Revisjonsmelding Sogn og Fjordane Bonde og Småbrukarlag.**

Rekneskapan for Sogn og Fjordane Bonde og Småbrukarlag 2020 er revidert etter framlagde bilag og kontoutskrifter.

Rekneskapan stemmer og er funne i orden.

Førde, 5. februar 2021

Karen Hornnes

Karen Hornnes
-revisor-

Ståle Haugen

Ståle Haugen
-revisor-



SELGE VARER I REKO-RINGER?

LOKALPRODUSERTE MATVARER, UTEN MELLOMLEDD



FORDELER FOR PRODUSENTEN:

REKO-ring er en ny distribusjonskanal som skal gjøre det enkelt for bønder og mathåndverkere å selge varer lokalt, på en effektiv måte, uten mellomledd.

- FLEKSIBELT
- TIDSBESPARENDE
- FORHÅNDSBESTILLING
- BEDRE LØNNSOMHET
- ØKT SALG
- STØRRE KUNDEGRUPPE
- KUNDEKONTAKT
- ØKT SYNLIGHET
- SAMARBEID

Finne REKO-grupper på Facebook for å annonsere produkter.
Kunder etterspør kortreiste og ferske varer.
Oversikt over aktive REKO-ringer finner du på:
www.smabrukarlaget.no

Jo mere vi er sammen!

Alle husdyrprodusenter er små aktører i det store markedet. Men alle er sterkere når vi opptre sammen.

Nortura er det eneste landsomfattende slakteriet i Norge som eies av medlemmene. Vi er bøndenes egen bedrift. Vårt formål er å sikre avsetning av norsk kjøtt og egg og skape verdier for eierne.

Se medlem.nortura.no



TsT Maskin AS

Angedalen • 6811 Førde • Mobil 481 47 122



Bygging av drifts- og skogsvegar

Opparbeiding av tomter

- Grøfting
- Dyrking
- Planering
- Brøyting
- Muring



- *Gravemaskiner frå 8 til 23 tonn
- *Traktor med dumperhengar



Bigården til Marco Neven i Lærdal.

Foto: Marco Neven

Næringsbirøkt er også landbruk!

Mange av oss er ikkje klar over at næringsbirøkt er landbruksnæring på linje med anna husdyrhald. Norges Birøktelag (www.norbi.no) er bierøktarane sin faglege organisasjon og Honningcentralen SA (www.honning.no) er landbrukssamvirkeorganisasjonen som tek imot store deler av honningen ifrå sine medlemmar.

Norges Birøktelag har omlag 4.000 medlemmar. Mange av desse er fritidsbierøktarar, men i 2019 var det nær tusen næringsbierøktarar som søkte om produksjonstilskot

for om lag 44.000 bifolk som utgjer om lag 80 % av alle biefolk i landet. Norges Birøktelag sine fylkeslag i Hordaland og Sogn og Fjordane har til saman rundt 460 medlemmar.

For å styrke næringsbierøkt sin posisjon i landbrukspolitikken støtta Aurland BS i fjor eit framlegg om å legge til eit eige avsnitt om næringsbierøkt i NBS si politiske plattform. Framlegget vart samrøystes vedteke under siste landsmøtet.

Ved sidan av honningbiene sin honning-

produksjon har bierøkt og ein nøkkelrolle når det gjeld pollinering (bestøving) i frukt-, bær- og ei rekkje åkerproduksjonar – og dessutan ei lang rekkje viltlevande vekstar. Å bruke honningbier til pollinering av desse jordbruksproduksjonane fremjar både kvalitet og kvantitet, og bør difor sjåast som ein klimanøytral og lønsam innsatsfaktor på linje med gjødning og vatn.

Som eit av tiltaka for å fremje bruken av honningbier til pollinering av frukt og bær vil eg vise til pilotprosjektet PolliVest i tidle-

gare Hordaland og Sogn og Fjordane (2017–2019 – budsjettamma på 1,5 millionar kroner). Prosjektet avdekka m.a. at Vestland fylke har eit stort potensiale til å utvikle pollineringsbierøkt. Sluttrapport for PolliVest-prosjektet kan du finne på Norges Birøktelag si heimeside.

Om nokon er interesserte i bierøkt eller leige av biefolk til pollinering kan du ta kontakt med Norges Birøktelag sitt lokallag der du bur.

Marco Neven

Sentralstyret i Norsk Bonde- og Småbrukarlag



KRISTOFFER FODNES
Organisatorisk nestleiar
kristoffer@naeringstaksering.no

KATHRINE KINN
kathrinekinn@gmail.com

SANDER SOLHEIM
sandsol99@gmail.com

ANN GURO HANSEN
annguro@signalbox.no

KJERSTI HOFF
Leiar
kjersti@smabrukarlaget.no

ELI BERGE NESS
Politisk nestleiar
eli.ness@online.no

KJELL ERIK BRANDSTADMOEN
kebrandstadmoen@gmail.com

STÅLE STØEN
1. varamedlem til styret
sstoen@online.no

OLE TVETE MURITEIGEN
Ordfører
E-post: ot@muriteigen.no

ASTRID TOVE OLSEN
Varaordfører
astridtoveolsen@gmail.com

Øvrige vara-medlemmer til styret
2. Vegard Vigdenes
vegard@vigdenes.com
3. Ola Fiskvik
ola@lafiskvik.no
4. Irene Dalland
irene@dallandgard.no
5. Stig A Helgesen
sahelgesen@gmail.com

Kvifor skal eg være eigar av TINE-samvirket?

- Eit samvirke som arbeider for høgast mogleg mjølkepris.
- Trygg og forutsigbar avsetning av mjølka.
- Tilgang til verdfull kompetanse i alle deler av mjølkeproduksjonen.
- Ein gunstig startpakke som ny brukar.
- Eit godt fagleg og sosialt miljø i produsentlaget.
- Eit samvirke som sikrar deg konkurransekraft og påverking vidare i verdikjeda.

Saman skaper me eit levande Norge

medlem.tine.no




Sammen for det norske landbruket

Vi er stolte og glade over vårt samarbeid med Norsk Bonde- og Småbrukarlag. Sammen hjelper vi med å forebygge skader og forsikre gårdene i landet vårt, slik at du kan sikre deg, dine og alt som er ditt.

Som medlem av Norsk Bonde- og Småbrukarlag får du gode rabatter hos oss. Du får:

- inntil 20 % rabatt på privatforsikring
- 23 - 24 % rabatt på landbruksforsikringer
- god pris på ulykkesforsikring for voksne og barn
- gode fordeler på pensjon

Ring oss på **915 03100** eller les mer på gjensidige.no/landbruk



Nytt kraftfôr: TopLac® Sau Fiber

NYHEIT



Våre analyser av norsk surfôr viser at mange har eit fiberfattig, men energirikt grovfôr i år. Nordover er det ofte grovfôrmangel.

Ventar du fleire trilling- og firlingsøyer, og har behov for meir fiber i rasjonen, så tilrår vi den nye og prisgunstige **TopLac® Sau Fiber** i lamminga.

-  Sikrar høg mjølkeproduksjon trass fibermangel
-  Skånsam for vomma trass høge kraftfôrrasjonar
-  Kvar pellet består av 75% **TopLac® Sau** og 25% **Roetopp**
-  Svært god smaklegheit

TopLac® Sau Fiber – den perfekte løysinga dersom du har fibermangel og ønsker høg lammetilvekst før beiteslepp.

Produksjonsstart: Måndag 1. mars.

GODT GJORT ER BETRE ENN GODT SAGT

FISKÅ MØLLE ROGALAND Tlf. 51 74 33 00
FISKÅ MØLLE ETNE: Tlf. 53 77 13 77

Fiskå Mølle
www.fiska.no

Smaabrukarstemna paa Voss

Oslo, 24.

Norsk bonde- og småbrukarlag tok til med årsmøtet sitt på Voss idag. Det var møtt fram 45 utsendingar frå ymse kantar av landet og dessutan mange småbrukarar frå Voss og dei nær maste bygderne.

Formannen, hr. Myrvang, synte i opningstalen sin tydingi av å halda saman. Dei hadde havt otte med å leggja møtet til Vestlandet, men det store fram-møte syner at Vestlandet held på og kjem med i småbrukarrørsla. Laget hev i det siste året fenge 40 nye deilder og hev soleis no 290 deilder med 10,000 lagsmenn. Det er i år 2000 fleire lagsmenn enn ifjor. 3 nye fylkeslag er skipa dette året. Det er Sogn og Fjordane, Hordaland og Aust-Agder. Samskipnaden hev no 12 fylkeslag. Det vart vedteke å oppmoda departementet um å fremja husmannskommissionen snøggast råd er.

100 år: Faksimile av Gula Tidend 26. juni 1921. Imidlertid blei det stille rundt dette i 1925, og rekneskapsboka viser ingen føring etter 1923.

Kjelde: Harald Runde (tidlegare fylkessekretær), Arne Sølvberg og allkunne.no.

Vår historie

Det er skrive ein del, både i aviser og bygdebøker om korleis Småbrukarlaget fekk fotfeste i Sogn og Fjordane.

Faksimile frå ulike aviser viser at det blei starta fylkeslag i 1921, men at dette ikkje førte til kontinuerleg aktivitet.

Likevel er det utan tvil kimen til at ulike lokallag blei etablerte; m.a. Askvoll Bonde- og Småbrukarlag i 1933 og Fjelli Bonde- og småbrukarlag i noverande Stryn i 1935.

Fylkeslaget blei så på ny skipa i 1946, med Anders Sølvberg som leiar.

2021 er eit jubileumsår - uansett.

Sogn og Fjordane fylkes Bonde- og Småbrukarlag skipa.

Det vart nyleg halde møte i Høyanger og skipa fylkeslag for bonde- og småbrukarlag i Sogn og Fjordane. Det møtte sennemenn både frå Sogn, Sunnfjord og Nordfjord.

Etter at konsulent Høybø frå Norsk Bonde- og Småbrukarlag hadde halde ein utifrå god tale, vart dess valde til styre for det nye fylkeslaget: Anders Sølvberg, Innvik, formann, heidsagronom Sterri, Kyrkjebø, varaformann, Ola Humlestøl, Eikefjord, kasserar og sekretær, Nils Vik, Fjaler, og Håkon Søreide, Kyrkjebø.

Ved starten er det tilmeldt det nye fylkeslaget 25 bonde- og småbrukarlag.

75 år: Faksimile frå Fjordingen 11. juni 1946.



Felleskjøpet

Det finnes ei tid når tida ikke alltid strekker til.

Vi er klare til innsats.



Ring 72 50 50 50 for reservedeler og teknisk support på landbruksmaskiner.

Spør oss om:

HMS

Grovfôr og beite

Bygg og økonomi

Maskinteknikk

Plantevern og gjødsling

Frukt, bær og grønnsaker



Norsk Landbruksrådgiving

Vest

Vest.nlr.no

98245838

vest@nlr.no





Under landsmøtet 31.10.20 ble Olaf Godli takket for sin mangeårige innsats som generalsekretær av styreleder Kjersti Hoff. Foto: Vilde Haarsaker

Slutter etter 17 år som generalsekretær

Ved nyttår overlater generalsekretær Olaf Godli stafettspinnen til Anders Nordstad. Vi vil rette en stor takk til en dyktig, arbeidsom generalsekretær som det har vært et privilegium å få samarbeide med.

Denne uka har Olaf Godli sine siste ordinære arbeidsdager før han slutter i stillingen som generalsekretær 31. desember. Da har han vært ansatt i Norsk Bonde- og Småbrukarlag i 22 år, først som rådgiver og deretter som generalsekretær i 17 år. Før dette arbeidet han i 17 år i Budsjettnemnda for jordbruket.

Olaf Godli er en svært respektert mann i landbruket og tilgrensende fagmiljøer med sin faglige kunnskap, presise hukommelse og voldsomme arbeidskapasitet. Skal en sjekke faktaopplysninger eller finne tall, har det bare vært å spørre Olaf – eller så vet han nøyaktig hvor en finner det. Et «oppslagsverk» av en rådgiver som har gitt stor trygghet for styreleder å ha ved sin side i jordbruksforhandlingene.

Olaf har lagt ned en utrolig innsats for Norsk Bonde- og Småbrukarlag. Hvor mange ekstra arbeidstimer det er snakk om er

det nok uråd å finne ut av. En ting er i alle fall sikkert, ikke alle ligger innenfor det folk regner som vanlig arbeidstid og ordinær arbeidsinnsats. Her er både kvelder og helger, i tillegg til tida han har vært på kontoret.

Olaf har ofte tatt den viktige rollen som «festbrems» og stilt kritiske spørsmål til forslag og ideer. Den tydelige beskjeden har vært: «Her bør dere tenke dere om en gang til». Dette har vært viktig for å utvikle styret og organisasjonen. På sitt siste styremøte før jul 2020 hadde Olaf en viktig hilsen til styret: «Ting er aldri så enkelt som det ser ut som, og det er heller ikke løsningene. Det virker enkelt helt fram til du setter deg inn i saken. En må skjerpe opp argumentasjonen for å få gjennomslag. Hvis ikke vipper motparten deg av pinnen i første runde. Prøv å sett dere inn i situasjonen til motparten og hvordan de vil argumentere, og så kan en prøve å gå rundt det. Landbrukspolitikk er et møysommelig arbeid».

Vi vil rette en stor takk til en dyktig, arbeidsom generalsekretær som det har vært et privilegium å få samarbeide med.

Vilde Haarsaker



DRØV Serien til melkekyr og storfeoppdrett



DRØV Serien til sau og lam



IDEAL Serien til purke, smågris og slaktegris



DRØV Serien til geit

Kraftfôr frå Ottadalen Mølle

- Norgesfôr bruker varmestabil **Levucell®** Levande Gjær i DRØV- blandingar.
- Norgesfôr bruker organisk selen og e-vitamin i IDEAL svinefôr - blandingar.

Kontakt for tilbud og bestilling:

Ottadalen Mølle, Lom: Tlf: 61 21 18 20
Tenden Transport: Tlf: 57 07 69 11
Salg, Vestlandet: Tlf: 94 79 15 79

GRATIS utkjøring av småsekk og storsekk frå våre lager i Stryn, Sogndal og Ørsta!



Besøk vår heimeside www.norgesfor.no/ottadalen



Følg oss på facebook for tilbud og nyheiter!



Ottadalen Mølle

Portrettet

Han kjøpte seg eigen gard i ein alder av 20 år.
Her driv han med mjølkekyr og sau.
I tillegg er han engasjert på fleire jordbrukspolitiske plan.
Møt Sogn og Fjordane sin nye representant i NBS sitt sentralstyre: Sander Solheim.

Ung og engasjert heiltidsbonde

Du er enno ung, korleis blei du så engasjert i landbrukspolitikk, og kvifor Småbrukarlaget?

Eg har alltid synst det har vore viktig å engasjere seg å ha ei meining om ting som angår ein. Landbruk har vore ei stor interesse heile livet, samt at eg alltid har likt å diskutere politikk generelt. Gjennom heile oppveksten har landbrukspolitikk og dei små vestlandsbruka sin kamp vore eit samtalemne rundt bordet. For meg var NBS eit heilt naturleg val då eg vaks opp med småbruksdrift. I tillegg eit spesielt brennande engasjement for dei bevaringsverdige husdyrassane våre, og NBS har vore flinke til å ta vare på og fronte desse si interesse. Samstundes er eg overbevist om at NBS sitt verdigrunnlag på sikt er det mest berekraftige for både landbruket, samfunn, miljø, dyr og enkeltmenneske.

Nokre saker som har engasjert deg kraftig i det siste, og kvifor? Kva ser du på som den viktigaste kampen for landbruket framover, og gjerne her på Vestlandet?

Mjølkeproduksjonen er ein berebjelke i vestlandslandbruket, og denne er under eit særst hardt press no grunna lausdriftskravet. Kravet trer i kraft om 13 år, og framleis er over halvparten av mjølkebruka i fylket bås-fjøs, og mange med under 15 årskyr. På desse 13 åra må det byggast over 20 nye lausdriftsfjøs kvart år om ein skal komme i mål. Alt i 2024 kjem det også nye forskriftskrav som bønder i bås-fjøs må tilpasse seg, og som vil få store konsekvensar for mange. Helst skulle eg sett å få endra heile kravet til å gjelde berre for nybygg, men vi må i alle fall sikre nok pengar på bordet til at alle kjem seg gjennom dette.

Det må gjerast både med å auke tilskota til investering, men også med betring av økonomien i mjølkeproduksjonen generelt. Det som både engasjerar og provoserer meg skikkeleg med lausdriftskravet er at det tvingar mange flotte familiebruk til å avvikle mjølkeproduksjonen, og så blir det omtalt som eit dyrevelferdskrav, men handlar egentleg om dårleg skjult strukturrasjonalisering.



Sivilstand: Ugift. **Bustad:** Rennestraum, Fjaler. **Produksjon:** Mjølkekyr, sau, fjordhest og skogbruk. **Arbeid:** Bonde.

Få kjøper eigen gard i så ung alder, du er skråsikker på kva du vil drive med i framtida, kva drift har du?

Eg har bås-fjøs og driv no og byggjer opp ei

mjølkekyrbesetning basert på Vestlandsk raudkolle. Planar og grunnlaget er ei drift på kring 30 årskyr + slaktedy. Raudkollene er fantastiske

beitedyr, noko som passar perfekt då ein driv mjølkeproduksjon som ein baserar mykje på sommarmjolk og å nytte utmarksbeite. I tillegg driv eg med sau, ca 20 VF, noko gamalnorsk spel og nokre reinrasa Dala. Fjordhesten er også ei stor interesse og hobby eg har, så den må med. Skogsdrift, laksefiske og storviltjakt er også ein viktig del av det å nytte garden sitt ressursgrunnlag til å skape ein arbeidsplass.

Du er allereie med sentralstyret til NBS samt i fylkesstyret, og du er fylkesleiar i senterungdommen. Ambisjonar vidare? Stortinget eller leiar i NBS? Kor er du t.d. om 10 år?

Eg er med og engasjerer meg pga sakene, ikkje pga av kva posisjonar eg personleg kan oppnå. Eg tenkjer det er viktig. Ser ein seg blind på titlar og posisjonar blir ein fort ein dårleg lagspelar og gløymer kven ein skal representere. Eg held fokus på sakene og stiller

meg til disposisjon til å drive med dette så lenge eg finn det meningsfullt og medlemmane tykkjer eg representerer dei på ein god måte. Resten får tida vise.

Har du tid til andre hobbyar utanom - kva interesser har du?

Eg prøver å vere god på å finne rom til slikt i kvardagen. Det tenkjer eg er viktig. Jakt og fiske er dei store hobbyane mine. Eg slappar aldri so godt av, samstundes som eg er så fokusert og tenkjer så klårt som når eg er på jakt. Enten det er på hjortejakt i bratte vestlandsfjell med gode vener, å sitje på reveåte i fullmåne og snø ein iskald januarkveld, eller å krype i timesvis langs vasskanten for å komme inn på ein flokk stokkender. Jakt er alltid den beste form for rekreasjon, og eg brukar mykje tid på det gjennom eit år.

Korleis brukar du ein lørdagskveld når du skal kose deg mest?

Då brukar eg litt ekstra god tid på fjøsstellet først, så er det å nyte kvelden med god mat og godt selskap i prat med folk eg set pris på. Når ein har eit yrke som bonde, der ein arbeider mykje aleine, er det ekstra viktig å setje av tid, å bruke slike kveldar på å vere sosial.

Mat, musikk og lesestoff?

Mat: Eg er veldig glad i det meste av kjøt, enten det er kjøtkaker, sosekjøt, færikål eller biff. Eg slaktar både sau og storfe sjølv heime, samt at jakta gjev mykje fantastisk gode råvarer. Eg likar godt å halde på med den foredlingsdelen av matlaginga og er oppteken av å ta vare på gamle mattradisjonar.

Musikk: Her er eg truleg født mange tiår for seint. Eg høyrer mest berre på Country frå 60, 70 og 80 talet, og artistar som Jim Reeves, Bobby Bare, og Merle Haggard.

Lesestoff: Eg er ein lesehest og må egentleg alltid ha noko å lese på. Den siste tida har det gått mykje i bøker av Kjell Aukrust då eg

aldri veks frå Alvdals-trilogien og Flåklypa universet. Eg er også veldig glad i westernbøker, så Morgan Kane blei tidleg ein stor favoritt og er det framleis.

Har du noko førebilete eller nokon du ser opp til?

Eg ser alltid opp til folk som set seg eit mål og jobbar mot det, som fyljer ein draum, vågar å tenkje utradisjonelt og ikkje bryr seg med kva andre seier og tenkjer om draumen. Eg har også hatt glede av å møte nokre folk som har ei heilt spesiell evne til å forklare ting som verkar avansert og vanskeleg, på ein utruleg lett-fatta, jordnær og folkeleg måte, som får andre til å sjå samanhengar og forstå dei. Slike menneske er gode forbilde synst eg, og utan at eg skal nemne nokon konkrete. Namn, so ser eg ikkje vekk i frå at nokon av dei eg tenkjer på les dette.



Jakt og fiske er dei store hobbyane mine. Eg slappar aldri så godt av, samstundes som eg er så fokusert og tenkjer så klårt som når eg er på jakt.



Kjære bønder, takk for maten!

Eirik Hjelmbrække
SPAR Jølstraholmen



<https://spar.no/nettbutikk/varer>

TIL LANDBRUKET LEVERER VI

- Brannvarslingsanlegg
- Elektriske installasjonar
- Internkontroll på el- og brannvarslingsanlegg
- Termografering

Ta kontakt på
478 36 160 eller
post@sunnfjordelektro.no

 **Sunnfjord Elektro AS**
EL-PROFFEN

GAH2018

Nyinnmeld

NORA OM Å VELGE SJH

Min vei inn i jordbruket startet i voksenalder med sommerjobb som buedeie, men noen år før det ble jeg utsatt for 2 uker 'gårdsarbeid' i Melhus (Lysklæt gård) da jeg var 14. Jeg sier utsatt, for det var min mor og min venninnes mor som tvang oss til dette opplegget kalt «Grønt Spatak». Det viste seg å være den fineste sommerferien som ga meg mange gode erfaringer og opplevelser som ubevisst ville være med å påvirke meg senere. Sammen med dette, andre impulser og et liv i storbyen bestemte jeg meg for å ta jobb som buedeie 8 år senere, og da var det gjort!

Nå kan jeg ikke tenke meg en sommer uten å være på en støl, men siden det gjerne kun foregår om sommeren, følte jeg et behov for å lære mer om agronomi og husdyrhold, og startet derfor på Sogn Jord- og Hagebruksskule hvor jeg går siste året nå.

INN Melding I SMÅBRUKARLAGET

Jeg har fra tidligere vært aktiv i dvs. politiske organisasjoner, så det var naturlig for meg å fortsette dette, men nå innenfor landbruksdebatten. Men, for å si det mildt kunne jeg overhode ingenting om hvordan landbruket eller landbrukspolitikken fungerte, hvilke systemer og strukturer som fantes den første

Framhald side 30



Nora og Silje

SILJE OM BAKGRUNNEN FOR AT HO HAMNA PÅ SJH

Eg valde å byrje på Sogn Jord- og Hagebruksskule etter at eg hadde fått nok av teori og by, og ville utrette noko med mine egne hender. I 2018 hadde eg ein sommarjobb med beitetsyn på Dovre, og fekk då førstehands erfaring med kor lang avstanden mellom byråkratar og bønder ofte kan vere.

Berre for å ha det på det reine; – eg meiner heilskapleg og god forvaltning av naturen og kulturlandskap er kjempeviktig, og heilt avhengig av gode byråkratar.

For meg gav arbeid med dyr og natur meirsmak, så då eg var tilbake på studiet i Ås i september var ikkje den lysande framtida som byråkrat veldig motiverande.

INN Melding I SMÅBRUKARLAGET

Eg har hatt eit brennande engasjement for jordbrukspolitikken sidan eg fekk mi første store politiske oppvakning på Grønt Spatak i Valdres i 2014. Bøndene eg var hjå fortalte lidenskapleg om viktigheta av beitende dyr for produksjon av mat med ekstensive ressursar som innsatsmiddel. Eg lærde om utrydningstrua insekt og planter som berre trivest i næringsfattige bratte åssider. Me slo dei brattaste sidene med ljå, og bar gras, vende og raka samene, og venta på at sola skulle

Framhald side 31

Nora

sommeren som budeie. Men med stor nysgjerrighet og engasjement fikk jeg svar på alle mine spørsmål til bøndene jeg traff på min vei, og læringskurven om celletall, målpriser og kvoter – den var bratt! Og ikke minst lærte jeg at mine tidligere naive holdninger som omhandlet «høye» matvarepriser og at konkurranse kunne løse alt, var nokså lite gjennomtenkt og formet av et liv utenfor landbruket.

Jeg skjønnte fort at det også innad landbruket var plass til forskjellige verdisyn og oppfattinger om hvordan det bør organiseres. Da falt det også naturlig å oppsøke den organisasjonen som jobber for de samme verdiene som ens egne. Bruk av norsk jord, bærekraft, selvforsyning, mangfold, familiebruk, små bruk, bosetting, matkultur, historie og tradisjon! Det er også landbruket her i Sogn og Fjordane jeg er blitt best kjent med, hvor gårdsbrukene er bratte, hvor driften ofte ser annerledes ut enn andre steder i landet og hvor små bygdesamfunn er avhengig av små og mellomstore melkebruk.

Jeg gleder meg til å lære mer og bli bedre kjent med Småbrukarlaget, og ser svært positivt på det meningsmangfoldet som virker å finnes her – noen ganger til frustrasjon for mange, men jeg tror det er overveiende positive sider med en organisasjon som hele tiden må utvikle seg og hvor medlemmene har et brennende engasjement som utspiller seg i lange, harde debatter som til slutt kan påvirke politikken vår. Selv håper jeg å bidra til et større fokus på økologisk landbruk, ikke nødvendigvis på debio-godkjenningsvis, men hvordan se landbruket i det store bildet, økosystemet vi alle er en del av, og



Nora under høstens gulrothøsting. – Det er i åkern at klassemiljøet blir styrket gjennom samarbeid og allsang, fortel Nora.

hvordan livet under bakken påvirker oss som tramper på den!

ETTERPÅ

Etter 2 år på jordbruksskole er behovet for praktisk arbeid stort, selv om en går på en praktisk rettet skole er det lett også her å bli rastløs. Siden veien til egen gård fortsatt er lang, skal jeg dyrke en annen interesse som jeg synes passer fint sammen med et fremtidig gårdsliv, nemlig tradisjonshåndverk. Derfor satser jeg på å gå ett år på håndverkskolen Hjerleid på Dovre, så håper jeg imidlertid at drømmegården ELLER odels-gutten dukker opp!

Nora Fjeldkåsa

Silje

tørke graset og til slutt pressa vi graset. Dei to vekene gav meg ein smakebit på arbeidsmengda og perfektjonismen som ligg bak produksjonen av maten me et. På bussen heimatt sat eg med ei sterk kjensle av at det einaste rette eg kunne gjere i livet var å verte sjølvberga småbrukar. Det er sterke saker for ein 18-åring.

I ettertid har eg fått utløp for engasjementet mitt i organisasjonar som Latin-Amerikagruppene, Natur og Ungdom og Alliansen Ny Landbrukspolitikk. Eg har med andre ord sympatisert med NBS i lengre tid, men ikkje følt at tidspunktet for medlemskap var heilt riktig før no.

ETTER SKULEN

Vil eg teste ut det eg har lært i løpet av dei to siste åra, og er på utkikk etter ei moglegheit for å jobbe som agronom og få meir heilskapleg erfaring med å drive gard.

Her i Aurland er det mange gode tilbod og moglegheiter kva gjeld fritidsaktivitetar og vakker natur. Eg har nytta høvet til å drive med forskjellige handverk, musikk og friluftsliv. Døme er keramikk, veving, strikking, trearbeid, ski, turgåing, hardingfele og folkedans. Til slutt, noko heilt anna, eg held på å bli tverrflyterockestjerne med det brennaktuelle bandet Sliteneliten som gjev ut album i løpet av våren.

Silje Strøm



Arbeid med dyr og natur gav meirsmak. Eg hadde fått nok av teori og by, og ville utrette noko med mine egne hender, fortel Silje om kvifor ho byrja ved SJH.

Returadresse:
Sogn og Fjordane
Bonde- og Småbrukarlag
Angedalsvegen 651
6811 FØRDE



AASE LANDBRUK AS



**McCormick
X4.70**

En lettvekt for norske forhold. Stillestående 4 syl. Deutz motor på 107 hk. «Alt» av teknikk og utstyr. Bredde Michelin hjul.

**Fullt utstyrt
traktor
med Ålø laster
kr 599.000,-
u/laster
kr 515.000,-**

NYHET!

Aase Landbruk introduserer Chief by Shaktiman

Robuste fresere, beitepussere og kantklippere som tilbyr mye valuta for pengene! Disse produktene har allerede rukket å bli bant markedsledere i mange land i Europa. Her er maskinene testet på de mest steinrike områdene Sør i Italia og Hellas, som for øvrig er testfeltet for mange av de store produsentene.

INTRODUKSJON:

Horisontalfres 250 cm

PTO aksling med klutsj. Kraftig konstruksjon og bjelke i oljebad. Avfjærede sider. Multispeed girkasse.

65.000,-



Chief by Shaktiman beitepusser

Arbeidsbredde 220 cm.
Solid konstruksjon.
Hydr. sideregulering.
PTO-aksling.



36.000,-

*Alle priser er eks mva.
Forbehold om trykkfeil.*



Aase Landbruk a.s

Postboks 3022, 4392 Sandnes
Tlf. 51 60 14 00
www.aase-landbruk.as